



Klatring er ein av dei mange populære aktivitetane på campen

Mandag, tirsdag og onsdag gjekk Base Camp Kvinnherad av stabelen her i Uskedalen, og gjennom varierte naturaktivitetar fekk 22 ungdommar i alderen 13 til 16 år ein super start på sommarferien. Det er andre året denne campen vert arrangert, deltakarlistene var fullteikna, og deltakarane fekk tre dagar fullspekka med varierte, kjekke og utfordrande naturaktivitetar i det nydelege sommarveret.



Rafting på elva var også knallgøy!

Campen var også særdeles vellukka i fjor då den vart arrangert for første gang, og dette året kan det dyktige arrangørkorpset sjå tilbake på eit meir enn 100% perfekt arrangement. Deltakarane kom frå store deler av Kvinnherad, men det var også deltakarar frå Os. Det var lange og travle dagar som strekte seg frå 8 om morgonen til 9 om kvelden. På programmet var det mange og spennande aktivitetar.

Ungdommane fekk prøva seg i mange ting som var nye for dei. Dette slo tydeleg vis godt an for tilbakemeldingane og dei breie smila fortalde alt om det. Hovudaktivitetane var klatring, via corda, kajakk og rompeakebrettur i Geitadalstind. Men deltakarane fekk også vera med på mange andre kjekke ting. Populært var det med rafting i Uskedalselva. Det same kan vi trygt seia om bogeskyting, SUP-board og kano-padling. Elles fekk dei tid til både fiske, kjekke leikar, bålkos og grilling om kveldane. Ikkje rart at deltakarane kosa seg storveis. Leiren var fullteikna både i fjor og dette året. Det blir den garantert til neste år òg så dei som ønskjer å vera med, må nok vera kjappe å melda seg på når den vert annonsert så populær som denne campen er blitt. Neste år er ein også forhåpentlegvis tilbake til overnatting i lavvo. I år måtte overnattinga skje heime pga koronasituasjonen.

Det er Friluftsrådet Vest som står bak det flotte tiltaket som har eit leiarteam henta frå øvste hylle. Hovudleiarar på campen var Sverre Myklebust(kajakk og administrasjon), Chris Fosslie(klatring), Solveig Haugland, Magnus Eide og Veslemøy Haugland. Dei gjer alle ein kjempejobb. Ikkje berre gir dei ungdommane nye og fantastiske naturopplevingar, men det set også fokus på noko av det flottaste og mest unike Kvinnherad har å by på!

For å få betre innblikk i tilbudet kan de nyta dei gode bileta vi har fått tilsendt frå Veslemøy Haugland. Eg anbefaler også alle å lesa den flotte reportasjen over 4 sider i Grenda torsdag 25. juni.



Fornøgde fiskarar.



Klatring høyrer naturleg med i klatreeldoradoet Uskedalen.



[Kveldskosen var flott avslutning på kjekke dagar.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Veslemøy Haugland